

# Jumedalslager

## JUMEDØLEN



**November 2023**



numedalslaget i oslo

# Valdreslaget og Numedalslaget RAKFISK-/ RÅKÅFISKFEST

Fisk og lefser og det som hører til  
Musikk til runddans av Terje Rusten og Martin Brendemoen,  
og til Bygdedans av Sindre Tronrud og Mattias Thedens

Fredag  
1. desember

Kl. 19.00  
Hall i BLS

Nordahl Bruns  
gate 22, Oslo

Påmelding til:

✉ [valdreslaget@gmail.com](mailto:valdreslaget@gmail.com)

📞 991 69 602 /Bjarte eller til:

✉ [bjorg.tora.undebakke@gmail.com](mailto:bjorg.tora.undebakke@gmail.com)

📞 977 54 018 /Bjørg

og betaling før 29.11.  
til Valdreslaget i Oslo sin  
Bank: 0540.08.09331/ Vipps: 10275



Pris: 500,- for  
mat, litt drikke og  
dansemusikk.  
400 for medlemer/  
studentar



# numedalslaget i oslo

## **Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 4. mars 2024**

Styret kallar med dette inn til årsmøte måndag 4. mars kl. 19.30 i Nordahl Bruns gt. 22 (lagsrommet i kjellaren).

### Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2023
5. Rekneskap 2023
6. Medlemspengar for 2025
7. Innkomne framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2024.

## **Tur til Numedalshytta 10. juni**

Det årlege sommartreffet på Numedalshytta blei laurdag 10.juni. 9 personar møtte opp, det er halvparten av medlemsmassen i laget og 4 fleire enn på treffet i fjor. Været var strålende. Av respekt for brannfaren ved åpen eld blei det ikkje romeagraut men matpakke og kaffe eller te på termos, vatn og saft. Nokre hadde tatt med bakst til glede for alle som ville ha. Terrassen, taket på hytta, annekset og utedoen blei kosta fritt for lauv og barnåler. Etter ein runde rundt hytta og annekset vart følgjande arbeidsoppgåver skrive ned.

- Papp på annekset
- Opprettig og beising av terrassen
- Takrenner
- vinduer, maling. To stykk tatt med heim for renovering
- Trappa



## numedalslaget i oslo

Deltakarane var: Dagny Østhush Larsgård, Lars Peder Larsgård, Bjørg Tora Undebakke, Aasmund Flo, Per Tuft, Walborg Ulbaasen Tuft, Sigrun Ulbaasen Tuft, Svein Aasen og Kjersti Aasen



Tekst: Kjersti Aasen. Foto: Svein Aasen



# numedalslaget i oslo

## Råkåfiskfesten 2022

Råkåfiskfesten/Rakfiskfesten blei arrangert i Halli i Nordahl Brunsgr. 22 fredag 2. desember i samarbeid med Valdreslaget. Det var 39 til bords og vi serverte rakfisk frå Noraker og råkåfisk frå Løvstuen i Uvdal.

Lefsene kom frå Valdresbakst og frå Mollas Bakeri i Rollag (med og utan sukker). Vi hadde som vanleg kokte mandelpoteter og tilbehør som lauk, rømme og rødbeter. For dei som ikkje et lefse og råkåfisk var det spekemat og flatbrød. Terje Rusten og Eilev Øverbø (trekkspel) stod for runddansmusikken, medan Mattias Thedens og Sindre Tronrud, som er elevar ved Norges musikkhøgskule, spelte bygdedans på hardingfele.





# numedalslaget i oslo



Tekst: Nils Øyvind Bergset. Foto av dei mange kjende: Svein Aasen.



# numedalslaget i oslo

## BLS 100 år i 2023

Vebjørn Bakken har skrivi jubileumsbok, historia til fylkeslaget. Boka vart trykt i 250 eksemplarer og gjevi ut på forfattaren sitt eige forlag i januar 2023. 25. januar var det bokslepp/lansering i Bygdelagshuset. Forfattaren fortalte om boka og dei som hadde bestilt boka fekk den utlevert.



Her kjem ei lita oppsummering av ein del av arrangementa i jubileumsåret:

14. mars: På sjølve 100 årsdagen, avduking av Blått skilt på Bygdelagshuset i Nordahl Brunsgr. 22. Dagen held fram med mottakelse i Oslo Rådhus v/ordfører Marianne Borgen. Vi fekk enkel servering og omvisning i

Rådhuset. Kvelden vart avslutta i Teatersalen til BUL, med servering av bursdagskake og variert folkeleg dans etter musikk av Gudåmeleg.

17. mai: Vart feira med å danse opp Karl Johansgate saman med leikarringen i BUL, Brosteinsball på Universitetsplassen og avslutta med variert folkeleg dans til musikk av spelemannslaget «De Frilynde» i Storsalen NB. gt. 22.

4. juni: Bygdøystemne på Norsk Folkemuseum. Folkemuseet var fylt med bunader, folkedans, folkemusikk og folkesong heile dagen.





# numedalslaget i oslo



16. september: «Dans i alle salar» i Bygdelagshuset.  
I Storsalen: Gammaldans og Rørospols med «Småviltlaget» og Finnskogspols og Nordlandspols med Elise Tegner og Henrik Kamphus.  
I Halli: Stildans, sangdans, turdans, swing og tango. Solvor Sundsbø

og Terje Amundsen spelte til turdans, swing og tango.

I Blåsalen: Bygdedans til musikk fra Kenneth de Gala (Numedal og Telemark), Åsmund Farstad (Vestlandet), Åsmund Fauske Jøtun (Hallingdal) og Sindre Tronrud (Valdres).

Open kafe for servering av påsmurte halve rundstykker, kanelbolle og kaffe, te eller saft.

25. september: Kulturkveld i Halli med musikk og dans fra Numedal v/ Per Midtstigen og Nils Øyvind Bergset. Sjå eiga omtale.

28. oktober: Festframstykkinga «100 år med bygder i byen» på hovedscenen i Det Norske Teateret.

Ca. 400 forventningsfulle BLS-venner med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery i spissen fekk sjå ei imponerande mørnstring av mangfaldet i BLS med over 200 aktørar på scenen. Det starta med fleirstemt kulokk med lokkarar frå Blåne og Songlaget. Deretter Banelaget med halling og Bhangradans. Bygdedansstafett med Telelaget og telespringar, Valdreslaget og valdresspringar,





## numedalslaget i oslo

Numedalslaget og numedalsspringar, BUL og vestlandsspringar, TrøBUL og Rørospols, BUL og finnskogspols og BULder og brak med halling.

Tuva Ferden spelte for Telelaget og Numedalslaget. Vegar Vårdal spelte

for Valdreslaget og Hallinglaget. Vegar Vårdal og Frode Haltli spelte for TrøBUL, BUL og BULder og brak. Deretter turdanskavalkade, songdans, toraderspel, stildans og engelsk countrydans, diktdramatisering, folkedanskveld og glimt frå amatørteaterverksemda. Framsyninga vart avslutta

med framføring av marsjen BLS 100 år av Vegar Vårdal, framført av dei to kora Songlaget i BUL og Bygdelagskoret Blåne.

Etter framsyninga møttes alle i fojaen til servering av epledrikk og wrap. Deretter ønska

Gert-Fredrik Malt velkommen til fest på vegne av BLS og heldt ein fin tale for jubilanten. Det var helsingstaler frå kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery, styreleiar i Noregs Ungdomslag Torbjørn Lauen og teatersjef ved Det Norske Teater Erik Ulfsby. Til slutt var det ca. 1,5 timer med folkeleg dans til musikk av Østerdølenes Spellmannslag. Regi og opplegg for festframsyninga var ved Kultivator v/Mette og Vegar Vårdal.



Tekst og foto: Svein Aasen



# numedalslaget i oslo

## Kulturkveld i Numedalslaget 25. september

I samband med 100-årsjubileet til BLS, har det vore fleire kulturkveldar i Nordahl Brunsgate. Mandag 25.



september arrangerte Numedalslaget kulturkveld med Per Midtstigen og Nils Øyvind Bergset. Per er tidlegare medlem og har vore ein svært aktiv utøvar på ulike instrument i Numedalstradisjonen. Nils Øyvind er vår noverandre danseinstruktør, men han er også utøvar på durspel og trekkspel. Begge fortalte om sin musikalske

bakgrunn og demonstrerte smakebitar frå sitt repertoar.

Det blei servert kaker og kaffe/te, og til slutt var det dans. 11 personar møtte opp.



Tekst: Nils Øyvind Bergset. Foto: Svein Aasen.



# numedalslaget i oslo

## **Referat frå årsmøtet 6. mars 2023**

Desse deltok: Nils Øyvind Bergset, Bjørg Tora Undebakke, Svein Aasen, Kjersti Aasen og Tormod Haug.

### **1. Opning**

Nils Øyvind Bergset opna møtet og ønska velkommen.

### **2. Konstituering**

Møteleiar: Nils Øyvind Bergset, referent: Bjørg Tora Undebakke.

Skrive under på protokoll: Kjersti Aasen og Svein Aasen.

### **3. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

### **4. Årsmelding 2022**

Årsmelding 2022, som og omfatta Folkedansgruppa og hytta, vart lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Årsmeldinga vart godkjend.

### **5. Rekneskap**

Kasserar Svein Aasen gjekk gjennom rekneskapen for 2022, underteikna av kasserer og revisor 14.02.2023. Rekneskapen for 2022 viser eit overskot på kr. 1.029,68.

Rekneskapen for 2022 vart godkjend.

### **6. Medlemspengar 2024:**

Medlemspengar for vaksne blir frå 2024 heva med kr.50.

For bimedlemmar blir medlemspengane frå 2024 heva med kr.25.



# numedalslaget i oslo

Uendra for ungdom og barn.

Medlemspengar frå 2024:

Vaksne: **kr 400**, barn/vaksne 14-25 år: **kr 150**, barn under 14 år: **kr 50**. Bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): **kr 200**.

Om NU/BLS endrar sin kontingent, kan Numedalslaget endre igjen i same takt.

## 7. Innkomne framlegg

Ingen innkomne framlegg.

## 8. Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen v/Kjersti Aasen

Valet blei vedtatt etter forslaga frå valkomiteen.

Tillitsvalde i Numedalslaget i Oslo 2023, sjå eiga liste

Utsending til årsmøtet i BLS 2023: **Svein Aasen** Vara: Kjersti Aasen og Nils Øyvind Bergset.

Utsending til landsmøtet i NU 2023 : **Svein Aasen**. Vara: andre styremedlemmer.

Styret takkar alle som har bidratt på arbeid og aktivitetar i laget.

06.03.2023

Bjørg Tora Undebakke (sign)

referent

Kjersti Aasen (sign)

Protokollvitne

Svein Aasen (sign)

Protokollvitne



# numedalslaget i oslo

## Årsmelding 2022

### **Styret**

Styret sidan årsmøtet i 2022:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen, Bjørg Undebakke og Kenneth de Gala.

Varamedlem: Tormod Haug

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen deltok på leiarmøter og årsmøte i BLS.

Laget har hatt eit hyttestyre og ei nemnd for heidersmerke/fortenestemerke.

I meldingsåret hadde laget 21 medlemar. Av desse er 1 bimedlem (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS) og 2 under 14 år. Laget har 4 æresmedlemar: Reidun Kjønaas, Jørjan Strysse, Levor J. Traaen og Svein Aasen.

Æresmedlemmet Knut Kjønaas døydde i januar 2022.

I meldingsåret har vi ikkje hatt styremøte. Vi har hatt kontakt via mobil og e-post, og snakka saman i pausen på øvingane. 4 frå styret er fast med på danseøvingane.

Årsmøtet 7. mars vart halde i møterom i kjellaren i Nordahl Brunsgrt. 22. 5 medlemmar deltok.

Laget nyttar heimesidene på nettet, [www.numedalslaget.no](http://www.numedalslaget.no), til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Heimesidene er oppdatert med meir historisk informasjon og gamle nummer av «Numedølen». Folkedansaktiviteten har også ei eiga sida på Facebook. Lagsavisa «Numedølen» kom ut med eit nummer (november 2022).

### **Råkåfiskfest saman med Valdreslaget**



# numedalslaget i oslo

Råkåfiskfesten/Rakfiskfesten blei arrangert i Halli i Nordahl Brunsgt. 22 fredag 2. desember.

Det var 39 til bords og vi serverte rakfisk frå Noraker og råkåfisk frå Løvstuen i Uvdal. Lefsene kom frå Valdresbakst og frå Mollas Bakeri i Rollag (med og utan sukker). Vi hadde som vanleg kokte mandelpoteter og tilbehør som lauk, rømme og rødbeter. For dei som ikkje et lefse og råkåfisk var det spekemat og flatbrød. Terje Rusten og Eilev Øverbø (trekkspel) stod for runddansmusikken, medan Mattias Thedens og Sindre Tronrud, som er elevar ved Norges musikkhøgskule, spelte bygdedans på hardingfele.

## Lagshytta

Hyttestyret for 2022 var: Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft, Tormod Haug og Lars Peder Larsgård.

Hytta til Numedalslaget har eiga adresse: Trulsebråten 52. Uthuset har fått nr. 52 A og Numedalshytta nr. 52 B. Gårds og bruksnr. er: 114/38.

## Tur til Numedalshytta 18. juni 2022

Lørdag 18. juni var det igjen tid for den årlige vårturen til lagshytta vår i Lommedalen. 5 trofaste medlemmer av laget fant veien til hytta denne dagen. Som vanlig hadde vi fint vær. Etter først å ha kosta vekk en del lauv og barnåler kunne vi benke oss ute på den romslige terrassen og nyte medbrakt mat og drikke.

Taket på hytta og uthuset ble kosta for barnåler. Per og Svein tok en befaring på uthustaket.

Av vedlikehold som bør gjøres i nærmeste fremtid er følgende:

Uthuset: Et lag med ny papp på taket, tilsvarende det som ble utført på hyttetaket sommeren

2020, og utskifting av vannbord.

Utføre tiltak for å fjerne litt grønske nederst på utvendig panel på veggger mot nord.

Hytta: Maling/beising av vindskier.

Ev. kitting og maling av vinduer inkl. lister rundt vinduer.



# numedalslaget i oslo

Etter hvert kom også Lars Peder. Lars Peder, Kjersti og Svein tok en runde, fant og fotograferte alle de 8 nye grensemerkene, som kommunen har satt ned.

Disse var på hytta denne dagen:

Walborg Ulbaasen Tuft, Per Tuft, Kjersti Aasen, Svein Aasen og Lars Peder Larsgård

## **Numedalshytta**

Hytta vår er nå oppmålt og grensene satt ned i samarbeid med naboane. Her er utdrag frå oppmålingsbrevet:

Numedalshytta – Trulsebråten 52 A og 52 B, Lommedalen (hyttetomt).

Klarlegging av eksisterende grense for 114/38, se kartvedlegg til protokoll datert 20.12.21, i lagsavisa Numedølen fra november 2022.

Eiendom: Eier:

114/38              Numedalslaget i Oslo, Nordahl Brunsgr. 22, 0165 Oslo

Rekvirent: Levor Jens Traaen, Rognebærstien 6, 1349 Rykkinn

114/3              Kjell Trulsrud, Skollerudveien 88, 1350 Lommedalen

114/47              Egil Bø, Grorudenga 36, 1350 Lommedalen

114/5              Hans Magnar Martinsen, Skollerudveien 90, 1350

Lommedalen

114/19              Eileen Hegna Wold, Sogneprest Munthe-Kaas vei 53,  
1346 Gjettum

Bærum kommune, Oppmåling og matrikkel. Utdrag av protokoll for oppmålingsforretning, datert Sandvika 20.12.2021 og underskrevet av landmåler Harald Amundsen.

## **Beskrivelse av eiendomsgrensene slik de er klarlagt og godkjent av partene:**

Grensene for 114/38 fastlegges som vist og målsatt på vedlagte kart. Arealet er beregnet til 10.273 kvm. Med unntak av punkt nr. 1 er det funnet gamle grenserøyser i de 7 grensepunktene fra nr. D til E på



# numedalslaget i oslo

kartet. Grensepunktene nr. D, C, A, B og E ble påvist av eier av 114/38, ved Levor Traaen, 07.10.21.

I tillegg er det funnet grenserøyser i punktene nr. 16 og 38.

Alle grensepunktene for 114/38 er nå koordinatbestemt og det er satt ned offentlige godkjente grensemerker i samtlige punkter.

Det er opplyst fra eier av 114/38 at det tidligere (i juni 2020) ble avholdt en privat befaring rundt 114/38. Etter utsendt informasjonsbrev til alle parter 24.11.21, har Bærum kommune ikke mottatt tilbakemeldinger som tilsier at det er behov for et nytt møte i marka. Protokollen oversendes derfor til partene for godkjenning og underskrift.

Grensene er merket i marka slik det fremgår av ovennevnte beskrivelse og kartvedlegg.

Protokollen er godkjent av Numedalslaget i Oslo og underskrevet av Levor J. Traaen (hyttestyret) og Svein Aasen (styret)

## Røros-leken 6. – 8. mai 2022

Numedalslaget v/Svein arrangerte busstur til Røros saman med buss-sjåfør Hogne Tellnes, i samband med Røros-leken (3 dagars leikfest). Vi leigde buss frå JVB og Hogne var sjåfør. 33 folkedansarar deltok på bussturen.

## Folkedansaktiviteten

Også i 2022 var folkedansaktiviteten råka av koronapandemien. På grunn av omikronvarianten, kom ikkje øvingane i gang før 14. februar. Men deretter vart det heldigvis fritt fram og dansinga har vore i full gang att. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane, og ein gong var Mathias Thedens spelemann på øvinga. Til saman hadde vi 15 øvingskveldar i løpet av 2022. Ein kveld i desember var avlyst fordi mange var sjuke eller ikkje kunne kome. Totalt sett var det 70 frammøter på øvingane. I tillegg kjem spelemann og instruktør. Totalt møtte 11 ulike personar fram. Av desse var det 3 gutter og 8 jenter. Det var i snitt 4,7 oppmøter på øvingane.



## numedalslaget i oslo

Fleire av dansarane i laget er aktive med å danse til tevling på kappleik. Dansarar frå laget har vore med på Lanskappleiken på Rjukan, Hilmestemnet på Fagernes og Landsfestivalen i Vågå. Men aller gjevest i år var det at den faste spelemannen vår, Kenneth de Gala, fekk sitt første napp i A-klassa på Lanskappleiken på Rjukan. Gratulere til han!

Folkedansgruppa var teknisk arrangør på ein folkedanskveld (søndag): 4/9. Då steikte vi vaflar og trakta kaffi og te i Nordahl Brunsigt. 22, for eit dansande publikum.

Folkedansgruppa arrangerte minikurs på 2 folkedanskveldar:

- 4/9 i Norsk Tango, 25 deltakrar, instruktørar Arne Arnesen og Torunn Johansen.
- 4/12 i Springdans frå Vestfold, 14 deltakrar, instruktør Turid Wold og speledame Vigdis Andersen. Kurset vart støtta av Norsk senter for folkemusikk og folkedans blant anna på grunn av at dansen er utrydningstrua.



Pynta bord på rakkafiskfesten. Foto: Svein Aasen.



# numedalslaget i oslo

## Tillitsvalde 2023

|             |  |             |
|-------------|--|-------------|
| Styret:     |  | Tlf.        |
| Kasserar:   | <b>Svein Aasen</b><br>Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo<br>e-post: sveinaasen47@gmail.com   | 48 29 99 81 |
| Styremedl.: | <b>Kenneth de Gala</b><br>Scheidemannshaugen 5, 3616 KONGSBERG<br>e-post: khdegala@gmail.com   | 996 42 809  |
|             | <b>Nils Øyvind Bergset</b><br>Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS<br>e-post: niloberg@online.no  | 41 63 95 67 |
|             | <b>Kjersti Aasen</b><br>Erlendsvei 48, 0669 Oslo<br>e-post: aasenkjersti@gmail.com   | 98 06 21 65 |
|             | <b>Bjørg Undebakke</b><br>Fallanveien 30 B, 0495 Oslo<br>e-post: bjorg.tora.undebakke@gmail.com  | 97 75 40 18 |
| Varamedl.:  | <b>Tormod Haug</b><br>Heggedal torg 4, 1389 HEGGEDAL<br>e-post: tormod.s.haug@gmail.com  | 908 54 279  |
| Hyttestyre: | <b>Lars Peder Larsgård</b><br>Jenshaugveien 11, 1363 Høvik<br>e-post: <a href="mailto:lars-peder@larsgaard.com">lars-peder@larsgaard.com</a>                       | 917 58 265  |
|             | <b>Walborg Tuft</b><br>Teppaveien 10 A, 0976 Oslo<br>e-post: wutuft@gmail.com  | 93 26 23 56 |
|             | <b>Sigrid Prestmoen Talleraas</b><br>Th. Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård<br>e-post: <a href="mailto:sigrid.talleraas@hotmail.com">sigrid.talleraas@hotmail.com</a> | 90 01 99 70 |



# numedalslaget i oslo

|                  |  |             |
|------------------|--|-------------|
|                  | <b>Tormod Haug</b>                                   | 908 54 279  |
| Revisor:         | <b>Aasmund Flo</b>                                   | 91 62 78 71 |
|                  | Fallanveien 30 B, 0495 Oslo<br>aasmund.flo@gmail.com |             |
| Hedersm./        | <b>Svein Aasen</b>                                   | 48 29 99 81 |
| Forteneste<br>m. | <b>Nils Øyvind Bergset</b>                           | 416 39 567  |
| Valkomite:       | <b>Bjørg Undebakke</b><br><b>Kjersti Aasen</b>       |             |

## Rapport frå hyttestyret høsten 2023

Som det ble enighet om på sammenkomsten på hytta 10. juni var det behov for å utføre fleire vedlikeholdstiltak, og det har vært større aktivitet på hytta denne høsten enn tidligere år. Men den som leter han finner, og det har også dukket opp nye arbeidsoppgaver.



Det ble oppdaget noe rusk inne i hytta, og ved nærmere undersøkelser viste det seg at det hadde kommet inn maur. Det var mye maur utenfor hytta på østsiden, og Svein Maurkverker gikk til aksjon og har løst det problemet, i hvert fall foreløpig. Men maurangrepet avdekket også at det var råte i bunnsvillen under selve laftverket, og muren er dårlig. Dette ser også ut til å ha samanheng med at inngangsdøren sto i klem. Her trenger vi litt mannskap til neste år for å jekke opp hytta for å bytte ut treverk og reparere muren, samt at vi må fikse trappa og evt. også gulvet ved inngangen.

Vindskibord og vinduer er nå malt og hytta ser absolutt mer innbydende ut nå. Åsmund Ruteknuser har gjort en god jobb med vinduene og Svein har utført maling til den store gullmedalje. Bytte av takrenner gjenstår.



## numedalslaget i oslo

Terrassen er rettet opp og ser grei ut, men den er utrolig glatt når det er vått. Jeg har holdt meg på beina hittil, men vær forsiktig!



Også annekset er nymalt. Lars Soppdreper var i aksjon med 2 ganger sprøyting av soppdreper før stålborsting av de stedene som var angrepet før vi kunne male. Det ble ikke lagt nytt lag med papp denne høsten på annekset så også her er det nok å gjøre neste år.

Det er Svein som har vært den mest ivrige bidragsyter for det som er utført i år, så all honnør til han. Det er ganske unikt å ha adgang til en hytte så nært tigerstaden og det synes som om bruken av nabohyttene er økende igjen. Det oppfordres til å benytte hytta mer. Slagordet gjelder fortsatt. Hytta er liten, men den har rommet mange.



Tekst: Lars Peder Larsgård. Foto: Lars Peder Larsgård og Svein Aasen



# numedalslaget i oslo

## **Bygdedans frå Numedal vinteren 2023 og 2024**

|              |             |
|--------------|-------------|
| 20. november | 12. februar |
| 4. desember  | 26. februar |
| 18. desember | 11. mars    |
| 15. januar   | 8. april    |
| 29. januar   | 22. april   |

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsqt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkommen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset  
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:  
280,- for medlemmer  
380,- for ikkjemedlemmer  
50,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

## **Minikurs november 2023**

Søndag 5. november arrangerte Numedalslaget minikurs i Numedalsspringar under folkedanskvelden. Nils Øyvind Bergset var instruktør og Per Midtstigen spelemann. Det var eit vellukka kurs med til saman 13 deltakrarar. Ein god dugnadsgjeng frå Numedalslaget steikte også vaflar og laga kaffe til alle deltakarane på folkedanskvelden. Vi hadde også eit innslag med numedalsdans i pauza inne i Storsalen.



numedalslaget i oslo



Deltakarar på minikurs 5. november. Foto: Svein Aasen.

### **Oppdateringar på heimesidene for Numedalslaget**

Laget jobbar stadig med å legge ut ny informasjon på heimesidene. Mange gamle nummer av Numedølen er nå skanna inn og lagt ut. Ta eit blikk på sidene våre her:

[www.numedalslaget.no](http://www.numedalslaget.no)

### **Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen**

Numedalslaget i Oslo er registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



numedalslaget i oslo

**Medlemspengar for 2024**

Medlemspengane for 2024 er:

Kr. 400,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 200,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til Numedalslaget i Oslo Nordahl Brunsgrt. 22, 0165 Oslo **kontonummer: 0530 19 32474**. Det vert ikkje lenger sendt ut giro – treng du det ta kontakt med kasserar Svein Aasen.

**Folkedanskveldar vinteren 2023**

**November**

|            |                                  |           |
|------------|----------------------------------|-----------|
| <b>19.</b> | Symradern og Att og fram / Symra | Turdansar |
|------------|----------------------------------|-----------|

|            |                                       |              |
|------------|---------------------------------------|--------------|
| <b>26.</b> | Bærum Spellemannslag /<br>Hordaringen | Fanaspringar |
|------------|---------------------------------------|--------------|

**Desember**


|            |  |               |
|------------|--|---------------|
| <b>03.</b> | Steinsgårdskroken / Sogn- og<br>Fjordaneringen | Bingsjøpolksa |
|------------|--|---------------|

|            |   |                |
|------------|---|----------------|
| <b>10.</b> | Farande Fant og Fanteladdane /<br>Folkedansnemnda | Juleavslutning |
|------------|---|----------------|

Følg med på [www.bls.no](http://www.bls.no) for oppdatert oversikt.



numedalslaget i oslo



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl  
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

---

## Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- Reduksjon i pris på samkomer i Numedalslaget
- Reduksjon i pris på folkedanskveldane i Nordahl Brunsgt. 22. Kvar søndag er det gamaldans, og litt bygdedans, songdans og turdans frå kl. 19.30 – 22.30. Ofte minikurs i ein dans frå kl. 18.00 – 19.30. Sjå oversikt på [www.bls.no](http://www.bls.no).
- 20% rabatt på billettar på Det Norske Teateret i Oslo. Bruk rabattkode NU2021 for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billettar per medlem.
- 20% rabatt på Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg.
- 15% på Hotell Bondeheimen i Oslo.
- 15% rabatt på Kaffistova i Oslo. Vis fram medlemskort ved betaling.
- 10% rabatt på Heimen Husfliden. Vis fram medlemskort ved betaling.